

F1

#1, fra Nr. 36 Alexander Papas, Bergen

Linjenummer: 1 - 65

Tilleggsforslag

Oversending

Skal sendast samepolitisk råd i SV.

Begrunnelse: .

Forslagsstatus: Vedtas

F3

#6, fra Nr. 36 Alexander Papas, Bergen

Endringsforslag

RED. 1

Stavanger2Trondheim – gul stripe og farbare fylkesvegar

For eitt år sidan endra lobbyselskapet Hordfast AS namn til Stavanger2Bergen AS. Føremålet med selskapet er det same, nemleg å realisera ferjefri E39 mellom Stavanger og Bergen. I juni 2025 vedtok fylkestinget, mot SV sine røyster, at Vestland fylkeskommune skulle bli medeigar i dette lobbyselskapet. Hordfast er eit svært omstridd vegprosjekt og er heldigvis ute av Nasjonal transportplan. Prosjektet vil føra til dei største naturinngrepa i Hordaland i moderne tid og er rekna å kosta over 50 milliardar kroner. Planane om ferjefri E39 med firefeltsmotorvegar og fjordkryssingsprosjekt langs kysten frå Stavanger til Trondheim vil føra til enorme naturinngrep, store tap av matjord, og storstilt sentralisering. Ferjefri E39 er i direkte strid med klima- og naturmåla, og Hordfast vil bidra til auka biltrafikken inn mot Bergen. Det vil kosta langt meir enn det smakar for folk og miljø. På E39 er det framleis 6–7 strekningar utan gul stripe og akseptabel standard, medan ettersteppet på fylkesvegnettet i Vestland er enormt. Skal me nå klima- og naturmåla og samstundes sikra eit berekraftig trafikksystem rundt fylkeshovudstaden, må samferdslemidlane prioriterast til trygge og gode vegar med gul midtstripe og betre kollektivtilbod, ikkje til spinndyre motorvegprosjekt og fjordkryssingar. Mest mogleg gjenbruk av dagens trase og forbikøyringsfelt på enkelte strekningar mellom fjordane, vil vera billegare, tryggare og betre for natur og lokalsamfunn. Derfor er det gledeleg at Naturvernforbundet Hordaland, Norges Miljøvernforbund, Lastebileierforbundet avdeling 5 og Fellesforbundet avdeling 11 Vestnorsk Transportarbeiderforening, har danna nettverket *Stavanger2Trondheim – Gul stripe med farbare fylkesvegar*. Nettverket jobbar for betre framkome mellom fjordane på E39, meir midlar til rassikring og gul midtstripe på fylkesvegnettet, og for å sikra at trafikksystemet rundt Bergen ikkje bryt saman. Vestland SV støttar nettverket *Stavanger2Trondheim – Gul midtstripe med farbare fylkesvegar*. Dei store samferdslemidlane skal brukast der dei gjer størst nytte for folk og miljø: på trygge vegar,

vedlikehald og rassikring som gjev folk i heile fylket ein betre kvardag og tryggare ferdsle..

Vestland SV vil: • prioritera trygge bruksvegar med gul midtstripe i heile fylket. • rusta opp E39 mellom fjordane framfor dyre fjordkryssingsprosjekt og naturøydeleggjande motorvegar. • stansa alle planlagde motorvegprosjekt i Vestland, og dimensjonera ned vegstandarden på K5 mellom Arna-Trengereid til tofeltsveg. • ha kollektivfelt på alle innfartsårene til Bergen. • ha ny tofeltstunnel bak Grimesvingane..

Tildelt: Redaksjonsnemd for fråsegner

Forslagsstatus: Vedtas

Skal sendast stortingsgruppa og pressa.

#5, fra Nr. 50 Hikaru Ringdal, Bergen

Linjenummer: 32 - 32

Endringsforslag

(#6) Endringsforslag

Linje 32 "Ha kollektivfelt på alle firefeltsveger i Vestland" endres til: "Ha kollektivfelt på alle firefeltsveger i Vestland der det lar seg gjøre."

Tildelt: Redaksjonsnemd for fråsegner

Begrunnelse: Ikke alle 4 felts eller større veier der det er mulig å omgjøre felt til kollektivfelt.

Forslagsstatus: Avvises

AVVISAST TIL FORDEL FOR RED. 1

#4, fra Nr. 86 John-Helge Myntevik, -

Linjenummer: 34 - 34

Tilleggsforslag

(#6) Tilleggsforslag

Nytt kulepunkt:

I staden for 4 felts veg vil Sv ha forbikøyringsfelt på strekningar der det er smalt og vanskeleg å køyre forbi.

Tildelt: Redaksjonsnemd for fråsegner

Begrunnelse: New Zealand har vegstandard tilsvarande norske vegar. Dei har 500 meter forbikøyringsfelt på kvar mil. Det har gitt nedgang i trafikkulukker, og betre flyt i trafikken. Når ein kjem bak saktekøyrande bilar, eller tungtransport vert det ofte gjort farlege forbikøyringar. Når ein veit at det kjem forbikøyringsfelt med jamne mellomrom er det lettare å halde roa og ta forbikøyring i tilrettelagde felt heller enn å ta sjansar.

Forbikøyringsfelt er mindre økonomisk lastande og krev mindre naturinngrep enn firefeltsveg.

Forslagsstatus: Avvises

AVVISAST TIL FORDEL FOR RED. 1

#3, fra Nr. 83 Emil Velken Soldal, Voss

Linjenummer: 31 - 31

Endringsforslag

(#6) Omformulering

Omformulerer slik at det ekskluderer K5.

Tildelt: Redaksjonsnemd for fråsegner

Begrunnelse: K5 mellom Arna og Trengereid er definert som motorveg og det er derfor litt uklart om ein då vill stansa heile K5 eller gjera om den delen av K5 til vanleg veg.

Forslagsstatus: Avvises

AVVISAST TIL FORDEL FOR RED. 1

#2, fra Nr. 98 Ivar Grape Arnesen

Linjenummer: 31 - 31

Endringsforslag

(#6) Dimensjonere ned

Linje 31: "Stansa alle planlagte motorvegprosjekt i Vestland" endres til "Dimensjonere ned alle planlagte motorvegprosjekt i Vestland til ein sikrere veistandard."

Tildelt: Redaksjonsnemd for fråsegner

Begrunnelse: Gjør det tydeligere at K5 fortsatt kan arbeides med.

Forslagsstatus: Avvises

AVVISAST TIL FORDEL FOR RED. 1

#1, fra Nr. 36 Alexander Papas, Bergen

Linjenummer: 1 - 33

Endringsforslag

(#6) Heilskapleg endringsforslag

Stavanger2Trondheim – gul stripe og farbare fylkesvegarFor eitt år sidan endra lobbyselskapet Hordfast AS namn til Stavanger2Bergen AS. Føremålet med selskapet er det same, nemleg å realisera ferjefri E39 mellom Stavanger og Bergen. I juni 2025 vedtok fylkestinget, mot SV sine

røyster, at Vestland fylkeskommune skulle bli medeigar i dette lobbyselskapet.

Hordfast er eit svært omstridd vegprosjekt og er heldigvis ute av Nasjonal transportplan.

Prosjektet vil føra til dei største naturinngrepa i Hordaland i moderne tid og er rekna å kosta over 50 milliardar kroner. Planane om ferjefri E39 med firefeltsmotorvegar og fjordkryssingsprosjekt langs kysten frå Stavanger til Trondheim vil føra til enorme naturinngrep, store tap av matjord, og storstilt sentralisering. Ferjefri E39 er i direkte strid med klima- og naturmåla, og Hordfast vil bidra til auka biltrafikken inn mot Bergen. Det vil kosta langt meir enn det smakar for folk og miljø.

På E39 er det framleis 6–7 strekningar utan gul stripe og akseptabel standard, medan etterslepet på fylkesvegnettet i Vestland er enormt. Skal me nå klima- og naturmåla og samstundes sikra eit berekraftig trafikksystem rundt fylkeshovudstaden, må samferdslemlane prioriterast til trygge og gode vegar med gul midtstripe og betre kollektivtilbod, ikkje til spinndyre motorvegprosjekt og fjordkryssingar. Mest mogleg gjenbruk av dagens trase og 2/3-feltsløysingar på enkelte strekningar mellom fjordane, vil vera billegare, tryggare og betre for natur og lokalsamfunn.

Derfor er det gledeleg at Naturvernforbundet Hordaland, Norges Miljøvernforbund,

Lastebileierforbundet avdeling 5 og Fellesforbundet avdeling 11 Vestnorsk

Transportarbeiderforening, har danna nettverket *Stavanger2Trondheim – Gul stripe med farbare fylkesvegar*. Nettverket jobbar for betre framkome mellom fjordane på E39, meir midlar til rassikring og gul midtstripe på fylkesvegnettet, og for å sikra at trafikksystemet rundt Bergen ikkje bryt saman.

Vestland SV støttar nettverket *Stavanger2Trondheim – Gul midtstripe med farbare fylkesvegar*.

Dei store samferdslemlane skal brukast der dei gjer størst nytte for folk og miljø: på trygge vegar, vedlikehald og rassikring som gjev folk i heile fylket ein betre kvardag og tryggare ferdsle.

Tildelt: Redaksjonsnemd for fråsegner

Begrunnelse: Vestland SV vil:

- prioritera trygge bruksvegar med gul midtstripe i heile fylket.
- rusta opp E39 mellom fjordane framfor dyre fjordkryssingsprosjekt og naturøydeleggjande motorvegar.
- stansa alle planlagde motorvegprosjekt i Vestland
- ha kollektivfelt på alle firefeltsvegar i fylket.
- ha ny tofeltstunnel bak Grimesvingane.

Forslagsstatus: Avvises

AVVISAST TIL FORDEL FOR RED. 1

F4

#1, fra Nr. 36 Alexander Papas, Bergen

Linjenummer: 1 - 28

Tilleggsforslag

Oversending

Skal sendast stortingsgruppa og lokalpressa.

Begrunnelse: .

Forslagsstatus: Vedtas

F5

#3, fra Nr. 36 Alexander Papas, Bergen

Linjenummer: 1 - 28

Tilleggsforslag

Oversending

Skal sendast stortingsgruppa.

Begrunnelse: .

Forslagsstatus: Vedtas

#2, fra Nr. 68 Steinar Øydvin, Sogndal

Linjenummer: 1 - 1

Endringsforslag

Endre tittel

Endre tittel til: Bevar minstenorm for lærartettleik på skulenivå!

Tildelt: Redaksjonsnemd for fråsegner

Begrunnelse: Preisering av innhald

Forslagsstatus: Vedtas

#1, fra Nr. 68 Steinar Øydvin, Sogndal

Linjenummer: 5 - 5

Endringsforslag

Preisering av lærarnorm

Ynskjer å presisera ordbruk - endra "lærarnorma" til "minstenorm for lærartettleik"

Tildelt: Redaksjonsnemd for fråsegner

Begrunnelse: lærarnorm er eit utydeleg begrep - dette vil presisera kva saka gjeld

Forslagsstatus: Vedtas

F7

#4, fra Nr. 36 Alexander Papas, Bergen

Linjenummer: 1 - 1

Tilleggsforslag

Oversending

Skal sendast til stortingsgruppa.

Begrunnelse: .

Forslagsstatus: Vedtas

#3, fra Nr. 36 Alexander Papas, Bergen

Endringsforslag

RED. 2

Endring på linje 1: Betre kommuneøkonomi no! Endring på linje 31 og 32 (vedtakspunktet): *Vestland SV krev at rammene til kommunane vert kraftig auka i samband med revidert statsbudsjett år for år for å hindre sosiale kutt.*

Tildelt: Redaksjonsnemd for fråsegner

Forslagsstatus: Vedtas

Notater: Skal sendast til stortingsgruppa.

#2, fra Nr. 77 Eldrid Skudal, Sunnfjord

Linjenummer: 1 - 55

Endringsforslag

(#3) Forslag til å forbetre fråsegn F7

Linje 1: Alternativt forslag: Kommunane må ha betre rammer for å sikre og utvikle velferdstilboda
Linje 7: Tillegg: Kommunane har også eit godt utvikla kulturtilbod for alle og særleg for barn og ungdom.
Linje 31 og 32: Tillegg 1: ...vert *kraftig* auka .Tillegg 2:hindre kutt og.
Linje 55: Tillegg: For å sikre gode velferds- og kulturtilbod for alle må offentleg sektor styrkast framfor å byggast ned slik kommunekommisjonen går inn for.

Tildelt: Redaksjonsnemd for fråsegner

Begrunnelse: .

Forslagsstatus: Avvises

AVVISAST TIL FORDEL FOR RED. 2

#1, fra Nr. 52 Audun Syltevik, Bergen

Linjenummer: 37 - 57

Strykning

Stryk koda om kommunekommisjon

Stryk teksten fra linjenr. 37 - linjenr. 57

Tildelt: Redaksjonsnemd for fråsegner

Begrunnelse: Introduserer mange andre saker i uttalelsen, som også behandles i f.eks F5. Derfor overflødig.

Forslagsstatus: Vedtas

F8

#1, fra Nr. 36 Alexander Papas, Bergen

Opprettholdt av: Zohar Malamant (37)

Linjenummer: 1 - 38

Endringsforslag

Heilskapleg endringsforslag

Forsvar folkeretten – til kamp mot nyfascisme og rovdyrkapitalisme!

Verda går i feil retning. Folkeretten står for fall, medan stormakter tek seg til rette. Det som skulle vera føreseielege spelereglar mellom sjølvstendige statar, gjeld no berre når det passar dei mektigaste.

Dette handlar ikkje om enkelthendingar, men eit farleg mønster. Me ser framveksten av ein mørkeblå verdsorden der autoritære leiarar, antidemokratiske rørsler og nådelaus rovdyrkapitalisme går hand i hand. Trump, Putin og Netanyahu viser same logikk: makt først, rett

etterpå. Demokrati, menneskerettar og folkerett blir hinder som kan setjast til side når dei står i vegen for kontroll over territorium, ressursar og profitt.

Dette er rovdyrkapitalisme i praksis. Den såkalla «frie marknaden» er ikkje fri. Han favoriserer alltid dei største, rikaste og sterkaste. Små land blir pressa gjennom gjeld, handelsavtalar og ujamn forhandlingsmakt til å selja naturressursane sine billig og opna økonomien sin for utanlandsk kontroll. Når det ikkje er nok, kjem neste steg: rein militærmakt. Då blir marknaden avløyst av bombefly. Resultatet er det same. Ressursane hamnar hos dei mektige, medan vanlege folk betaler prisen. Ei verd styrt av stormakter som USA, Russland og Kina som ikkje respekterer folkerett og menneskerettar, gjer verda utrygg og er særleg farleg for små statar som Noreg.

USA sitt militære angrep på Venezuela er eit tydeleg døme på dette. Å bomba eit suverent land, ta presidenten til fange og leggja til rette for regimeskifte med militær makt er eit openbert brot på folkeretten. Her finst inga gråsoner. Det er rein imperialisme. Den politiske og humanitære situasjonen i Venezuela er alvorleg. Men det gjev aldri stormakter rett til invasjon eller okkupasjon. Dersom dette blir akseptert, fell heile prinsippet om nasjonal suverenitet saman. Når USA samstundes legitimerer angrepet med behovet for kontroll over naturressursar, blir samanhengen tydeleg: dette handlar ikkje om demokrati, men om makt og pengar. For Noreg er dette ekstra alvorleg. Me har sjølve bygd samfunnet vårt på at naturressursane høyrer til fellesskapet. Vasskrafta og olja skal koma folk til gode, ikkje dei superrike eller militært overlegne. Når stormakter meiner dei kan ta kontroll over andre land sine ressursar med militær makt, truar det også vår eigen suverenitet. Tyrkia, som er alliert med Noreg gjennom Nato, har lenge trua det kurdiske folket sin rett til eksistens. No går dei saman med Syria, til angrep på eit folk som bur i eit område som større makter meiner høyrer til dei sjølv.

Stormaktene legitimerer angrep på fleire ulike måtar, men avgjerdene blir tekne fordi det gjer dei rike rikare. USA trugar med å annektera Grønland for å tena seg rike på mineralutvinning. Russland angrip Ukraina for å få kontroll over litiumlagera i aust. Kina trugar Taiwan på grunn av databrikkeproduksjonen der. Stormaktene vil at krig skal løna seg, og ikkje berre for våpenprodusentane.

Same tankegang ser me når Trump snakkar om Grønland som eit strategisk objekt som kan kjøpast eller pressast til kontroll. Slik maktpolitikk høyrer ikkje heime i ein regelstyrt verdsorden. Grønland er ikkje til sals! SV står derfor solidarisk med det grønlandske folket og retten deira til sjølv å avgjera si eiga framtid.

Noreg har lenge sett på USA som ein nær alliert. Men når folkeretten berre blir respektert når han passar amerikanske interesser, er han i praksis sett til side. Då er ikkje USA ein garantist for internasjonal rett, men ei stormakt som set egne interesser først. For små land er det ei farleg utvikling.

Når profitt og kontroll over ressursar blir viktigare enn demokrati og menneskeverd, blir militær makt det fremste verkemiddelet. Krig og kaos er ikkje uhell eller tilfældigheter, men eit resultat av eit system der marknaden står over menneska.

SV står for det motsette: folkestyre framfor marknadsstyre, solidaritet framfor dominans og folkerett framfor den sterkaste sin rett.

Vestland SV krev derfor at:· Noreg utan atterhald fordømmer USA sitt militære angrep på Venezuela, og støttar at Venezuela si framtid blir avgjort av venezuelanarane sjølve gjennom fredelege og demokratiske prosessar.· Noreg forsvarar Grønland og det grønlandske folk sin rett til sjølv å avgjera si eiga framtid.· Noreg står opp for kurdarane sin rett til autonomi.· folkeretten og FN-pakta skal vera absolutte grenser for bruk av militær makt.

Tildelt: Redaksjonsnemd for fråsegner

Begrunnelse: Heilskapleg endringsforslag

Forslagsstatus: Avvises

DISSENS

Notater: Eit fleirtal av Skattum, Olsen, Dyrstad og Steinset vil avvisa forslaget. Eit mindretal (Berbain og Papas) vil vedta forslaget. Viss vedteken skal fråsegna sendast til stortingsgruppa.

F10

#1, fra Nr. 36 Alexander Papas, Bergen

Opprettholdt av: Zohar Malamant (37)

Linjenummer: 1 - 38

Endringsforslag

Heilskapleg endringsforslag

Forsvar folkeretten – til kamp mot nyfascisme og rovdyrkapitalisme!

Verda går i feil retning. Folkeretten står for fall, medan stormakter tek seg til rette. Det som skulle vera føreseielege spelereglar mellom sjølvstendige statar, gjeld no berre når det passar dei mektigaste.

Dette handlar ikkje om enkelthendingar, men eit farleg mønster. Me ser framveksten av ein mørkeblå verdsorden der autoritære leiarar, antidemokratiske rørsler og nådelaus rovdyrkapitalisme går hand i hand. Trump, Putin og Netanyahu viser same logikk: makt først, rett etterpå. Demokrati, menneskerettar og folkerett blir hinder som kan setjast til side når dei står i vegen for kontroll over territorium, ressursar og profitt.

Dette er rovdyrkapitalisme i praksis. Den såkalla «frie marknaden» er ikkje fri. Han favoriserer alltid dei største, rikaste og sterkaste. Små land blir pressa gjennom gjeld, handelsavtalar og ujamn forhandlingsmakt til å selja naturressursane sine billig og opna økonomien sin for utanlandsk kontroll. Når det ikkje er nok, kjem neste steg: rein militærmakt. Då blir marknaden avløyst av bombefly. Resultatet er det same. Ressursane hamnar hos dei mektige, medan vanlege folk betaler prisen. Ei verd styrt av stormakter som USA, Russland og Kina som ikkje respekterer folkerett og menneskerettar, gjer verda utrygg og er særleg farleg for små statar som Noreg.

USA sitt militære angrep på Venezuela er eit tydeleg døme på dette. Å bomba eit suverent land, ta presidenten til fange og leggja til rette for regimeskifte med militær makt er eit openbert brot på folkeretten. Her finst inga gråsoner. Det er rein imperialisme. Den politiske og humanitære

situasjonen i Venezuela er alvorleg. Men det gjev aldri stormakter rett til invasjon eller okkupasjon. Dersom dette blir akseptert, fell heile prinsippet om nasjonal suverenitet saman. Når USA samstundes legitimerer angrepet med behovet for kontroll over naturressursar, blir samanhengen tydeleg: dette handlar ikkje om demokrati, men om makt og pengar. For Noreg er dette ekstra alvorleg. Me har sjølve bygd samfunnet vårt på at naturressursane høyrer til fellesskapet. Vasskrafta og olja skal koma folk til gode, ikkje dei superrike eller militært overlegne. Når stormakter meiner dei kan ta kontroll over andre land sine ressursar med militær makt, truar det også vår eigen suverenitet. Tyrkia, som er alliert med Noreg gjennom Nato, har lenge trua det kurdiske folket sin rett til eksistens. No går dei saman med Syria, til angrep på eit folk som bur i eit område som større makter meiner høyrer til dei sjølve.

Stormaktene legitimerer angrep på fleire ulike måtar, men avgjerdene blir tekne fordi det gjer dei rike rikare. USA trugar med å annektera Grønland for å tena seg rike på mineralutvinning. Russland angrip Ukraina for å få kontroll over litiumlagera i aust. Kina trugar Taiwan på grunn av databrikkeproduksjonen der. Stormaktene vil at krig skal løna seg, og ikkje berre for våpenprodusentane.

Same tankegang ser me når Trump snakkar om Grønland som eit strategisk objekt som kan kjøpast eller pressast til kontroll. Slik maktpolitikk høyrer ikkje heime i ein regelstyrt verdsorden. Grønland er ikkje til sals! SV står derfor solidarisk med det grønlandske folket og retten deira til sjølv å avgjera si eiga framtid.

Noreg har lenge sett på USA som ein nær alliert. Men når folkeretten berre blir respektert når han passar amerikanske interesser, er han i praksis sett til side. Då er ikkje USA ein garantist for internasjonal rett, men ei stormakt som set egne interesser først. For små land er det ei farleg utvikling.

Når profitt og kontroll over ressursar blir viktigare enn demokrati og menneskeverd, blir militær makt det fremste verkemiddelet. Krig og kaos er ikkje uhell eller tilfældigheiter, men eit resultat av eit system der marknaden står over menneska.

SV står for det motsette: folkestyre framfor marknadsstyre, solidaritet framfor dominans og folkerett framfor den sterkaste sin rett.

Vestland SV krev derfor at:· Noreg utan atterhald fordømmer USA sitt militære angrep på Venezuela, og støttar at Venezuela si framtid blir avgjord av venezuelanarane sjølve gjennom fredelege og demokratiske prosessar.· Noreg forsvarar Grønland og det grønlandske folk sin rett til sjølv å avgjera si eiga framtid.· Noreg står opp for kurdarane sin rett til autonomi.· folkeretten og FN-pakta skal vera absolutte grenser for bruk av militær makt.

Tildelt: Redaksjonsnemd for fråsegner

Begrunnelse: Heilskapleg endringsforslag

Forslagsstatus: Avvises

DISSENS

Notater: Eit fleirtal av Skattum, Olsen, Dyrstad og Steinset vil avvise forslaget. Eit mindretal (Borbain og Papas) vil vedta forslaget. Viss vedteken skal fråsegna sendast til stortingsgruppa.

#3, fra Nr. 36 Alexander Papas, Bergen

Linjenummer: 1 - 1

Tilleggsforslag

Oversending

Skal sendast til stortingsgruppa og SV sitt miljøpolitiske utval nasjonalt.

Begrunnelse: .

Forslagsstatus: Vedtas

#2, fra Nr. 36 Alexander Papas, Bergen

Endringsforslag

Forslag #1

RED. 3

Nytt kulepunkt etter linje 21

De mange hundre industri- og næringsarealer må styrkes med bærekraftig energi.

Tildelt: Redaksjonsnemd for fråsegner

Forslagsstatus: Vedtas

#1, fra Nr. 5 Jens Revold, Fylkesstyret

Linjenummer: 21 - 22

Tilleggsforslag

(#2) F10

Eeter prikkphnkt Prioritere grå arealer...

Nytt prikkpunnk

De mange hundre industri og næringsarealer må styrkes med bærekraftig energi:

Solceller, varmepumper, overskuddsvarme, og om mulig lavere vertikalvindmøller.

Tildelt: Redaksjonsnemd for fråsegner

Begrunnelse: " Grønn energi er også en del av grønne kommuner

Forslagsstatus: Vedtas